

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad / tidspunkt : Herand Kulturhus 11.11.14 kl.19.00-22.00

Til stades : Sigmund Eiken, Sonja Irene Skarde, Knut Haugen, Hanne Elisabeth Hesthamar, Arne Bergstø, Kaia Gulbrandsen, Marta Bergstø.

Meldt forfall : Dan Danielsen.

Utan om styret hadde me invitert kasseraren vår Gerd Ingeborg Haugen og Gunnar Dalseth som har sagt seg villig til å overta kasserarjobben frå årsskifte. Dei var saman med oss i starten før me gjekk over til styremøtesaker.

Gerd Ingeborg orienterte om Bygdelaget si økonomiske stoda pr i dag.

Gunnar Dalseth har innhenta opplysningar om eit faktureringsprogram som Herand Bygdelag vil investera i.

Kanskje me kjem til å kjøpa ein ekstern hardisk til å lagra faktureringsprogrammet i.

I ein overgangsperiode vil avtroppande og påtroppande kasserar samarbeida om oppgåvene.

Sak 1. Godkjenning av referat frå sist styremøte 07.10.11. Ingen merknader.

Sak 2. Førjulsoppgåver :

Ta inn blomsterpotter / kassar som er plassert rundt omkring i bygda.

Herand Bygdelag ansvar for å skaffa og setja opp julegran i Båthamna, og for tenning av trèet fyrste sundag i advent.

Me vil oppmoda 4 H som skal skipa til bygdekafè andre søndag i advent om å laga litt førjulskos i tillegg. Bygdelaget sponsar dei med godteposar til borna.

Gå rundt i bygda med lodbok, og selja loddar på butikken eit par laurdagar i desember.

Gevinstane vert trekt på Bygdelagsbasaren på Herand Kulturhus 5.juledag.

Sak 3. Basaren :

Me gjekk gjennom gevinstlista (lista over innkomne gevinstar og dei me har håp om å få).

Me vart samde om å kjøpa ein flott gevinst til boka frå Bygdelaget.

Sak 4. Utrydding av kjellaren i forbindelse med kjøkenprosjektet.

Me diskuterte kva me skulle gjera med gamle skåp som står rundt omkring.

Sigmund og Arne fekk fullmakt til å jobba vidare med saken.

Sak 5. Eventuelt :

- Kjøpa inn kasser til å lagra Herand Bygdeblad i, og setja desse på loftet.

Kjøpa merkemaskin på Clas Ohlson.

- Herand Bygdelag v/ Dan Danielsen gav ei fin blomakorg til Marit Huus og Sølve Hansen som takk for at dei har drive Joker Herand på ein god måte i 12 år. På vegne av heile bygda

overrekte han og den nye eigaren Grethe Torvund ei fin blomakorg og ynskte henne lukke til med drifta i åra fram etter.

- Evaluering av Haustmarknaden 2014.

Opplesing og godkjenning av skriv som vert arkivert som ei rettesnor til neste år.

- Hjärtstartar.

Ansvarleg for frivilligsentralen i Jondal, Ole Gjerde har kontakta Herand Bygdelag v/ Hanne Hesthamar ang førstehjelpskurs og opplæring på den nyinnkjøpte hjartestartaren.

Han vil høyra med aktuelle personar om midlar til dette.

Skrivar : Marta Bergstø